

Ei interessant slektshistorie

– og eit spesielt stedsnamn

Av Reidun Mellem

I Skardalen i Kåfjord møtte eg i sommar to trivelige pensjonistar, søstrene Gerd Pedersen og Eliva Henriksen. Men det heile begynte egentlig sommaren før, med at eg skreiv ein artikkel i Årbok 2006 om kvenske stedsnamn i Storfjorden, der også Pekkajorma var med – eit namn eg den gongen visste heller lite om. Men ein dag kom det ein svært hyggelig invitasjon på telefon: ”Kom til Skardalen, så skal du få vite alt om Pekkajorma!” Det var ho Gerd som slik gav til kjenne at ho hadde meir kunnskap om dette.

Visst drog vi dit, mannen min og eg, og traff der desse to flotte kvinnene – som virkelig hadde evne til å fortelje – og ikkje minst evne til å lage eit innbydande kaffebord! Etter kvart kom vi så i gang med å nøste fram ei spennande slektshistorie:

Dei to hører til i ein søskenflokk på 6 som hadde vakse opp der på gården Skogmo i Skardalen. Dei 4 andre var Olaf, Ingrid, Ruth og Svein Harald. Så hadde dei også hatt ei lillesøster, ho Ingebjørg Helene, som døde som nyfødd. Foreldra deires var Ole og Emma Skogmo. Mora var fødd Dahl og kom fra Nordstrømmen i Kvæningen. Besteforeldra på farssida var Mons Johan Johansen og Elen Katrine Birgitte Henriksdatter. Ho blei alltid kalt Marie-Elen etter mor si. Oldeforeldra på morssida var Marie og Henrik Henriksen, han kjent under namnet Heik-Heika. Marie blei kalt Kaisa-Marie

etter mor si, slik den gamle namneskikken dengongen var. Tippoldeforeldra var Kaisa og Paul Lykke, som hadde bodd i Skardalen på sine eldre dagar. Og då er vi framme ved ein av hovudpersonane i denne historia, ho Kaisa. Ho var nemlig søster til den Pekka som har fått namnet sitt knytta til eit område av Kittdalselva inne i Storfjorden. Der heiter det enno Pekkajorma, meir 150 år etter at han Pekka bodde og arbeidde der inne.

Og no skal vi følgje desse to søskena, Kaisa og Pekka, på vandringa nordover mot Norge. Dei kom fra Karunki i Nord-Sverige, nærmare bestemt fra bygda Koppola. Men når dei skulle forklare kor dei kom ifra, så sa dei gjerne at dei kom fra Haparanta, som var nærmaste byen og som folk kanskje kjente namnet på. Oppover Tornedalen tok dei seg tjeneste hist og her, og kom seg sakte men sikkert nordover mot målet. På seinhausten 1830 var dei nådd fram til Karesuando og fikk hushjelp- og drengplass hos presten Lars Levi Læstadius. Her blei dei verande vinteren over. Læstadius var prest i Karesuando fra 1826 og til 1849. Då flytta han til Pajala og blei prost der.

Dette året hadde Læstadius som vanlig hatt juledagsgudstjeneste for menigheta si i Karesuando. Men då han kom heim, så oppdaga han at han hadde glømt alterboka si igjen i kjerka. Den måtte han ha snarast

råd var, så Kaisa fikk opp hente boka. Ein kjørereir bar det i veg. Men Læstadius ville nok møte motstand skulle ikkje vere redd. Ho kjerkedøra, og så skulle det ho var kommen for. (Motstand ho møtte, ville på, men alterboka fann h kjørte ho strake vegen til

Kaisa og Pekka var i arbe vinteren, men då samane mot norskekysten, så følg sin rein, og ein plass opp kjørebånd tvert av. Derm stikke av. Dei andre i følg fikk streve heile 3 dagar i hadde ho laga nytt kjørel og det holdt heilt fram. M og fann visst ikkje rette v for ho kom fram øverst i eit område som var så br umulig kunne ta seg ned. Heldigvis så var det noen som oppdaga at eit menn og tilbake på fjellkanten, korleis det var fatt. Dei se oppover for å hjelpe til, o henne ned fra fjellet i goc

Kaisa fikk seg arbeid i or broren Pekka drog på tør Kittdalen. Det blei sagt at spesielt sterkt og seigt tør

råd var, så Kaisa fikk oppdraget med å kjøre dit for å hente boka. Ein kjørerein blei spent for pulken, og så bar det i veg. Men Læstadius hadde advart jenta: Ho ville nok møte motstand når ho kom dit, men ho skulle ikkje vere redd. Ho skulle først banke 3 slag på kjerkedøra, og så skulle ho bare gå rett inn og hente det ho var kommen for. Og slik gikk det. Kva slags motstand ho møtte, ville ho visst ikkje gå nærmare inn på, men alterboka fann ho og tok den med seg. Så kjørte ho strake vegen tilbake til prestegården.

Kaisa og Pekka var i arbeid hos Læstadius heile denne vinteren, men då samane starta vårflyttinga nordover mot norskekysten, så følgte dei med. Dei kjørte kvar sin rein, og ein plass oppe på vidda så rauk Kaisa sitt kjørebånd tvert av. Dermed var reinen fri og kunne stikke av. Dei andre i følgjet drog snart vidare, og Kaisa fikk streve heile 3 dagar før ho fikk tak i reinen sin. Då hadde ho laga nytt kjørebånd av strømpbanda sine, og det holdt heilt fram. Men no var ho aleine på fjellet og fann visst ikkje rette vegen å følgje, for ho kom fram øverst i Signaldalen på eit område som var så brattlendt at ho umulig kunne ta seg nedover der. Heldigvis så var det noen nede i dalen som oppdaga at eit menneske gikk fram og tilbake på fjellkanten, og dei forstod korleis det var fatt. Dei sendte folk oppover for å hjelpe til, og dei loste henne ned fra fjellet i god behold.

Kaisa fikk seg arbeid i området der, mens broren Pekka drog på tømmerhogst i Kittdalen. Det blei sagt at skogen der gav spesielt sterkt og seigt tømmer. Material

til den nye kjerka i Lyngen, som blei bygd på Lyngseidet i 1770-åra, blei i allefall kjøpt der inne i Storffjorden. Det er blitt fortalt at noe av den tømmerhogsten Pekka no var med på, skulle utover til kjerka. Karne-skjerka var blitt reist i 1731, men allereie i 1740 var ho flytta utover til Lyngseidet, der ho blei erstatta av nytt kjerkebygg vel 30 år seinare. Så kom ei stor utviding og ombygging av denne kjerka i 1840-åra, med ferdigstilling i 1846. Så her høver utsagnet om kjerketømmer inn, at det skulle brukes til den store ombygginga av kjerka.

Tømmeret fra Kittdalen blei om våren fløyta nedover mot sjøen. Dette arbeidet var Pekka med på. Elva gikk stri med stor vassføring, og her ein plass gikk det så uheldig til at han Pekka mista fotfestet og datt hovudstups i elva, der han drukna. Ikkje rart at dette området fikk namn etter denne hendinga og blei kalt for Pekkajorma, noe som folk seinare har trudd kunne bety Pekka sin fiskeplass eller Pekka sin kulp. Men det



Pekkajormabrua over Kittdalselva innerst i Storffjorden Foto: Åge Mellem

er altså mye meir dramatisk enn som så. Dette må ha skjedd nokså tidlig i 1830-åra. Etterpå så trivdes ikkje ho Kaisa lenger der inne i fjorden. Ho gikk utover til Lyngseidet og fikk seg tjeneste der. Og der traff ho etter ei tid ein enkemann som ho blei interessert i. Han heitte Paul Lykke. Slekta hans kom fra Romsdalen, men før det hadde dei bodd på Røros og arbeidd i koppargruvene der. Opprinnelig så hadde forfedrane hans kommen fra Tyskland. Det var vanlig at fagfolk derfra blei henta hit for å hjelpe til med gruvedrifta i Norge. Dei to gifta seg den 7. oktober 1838. Han var då 37 år, ho noe yngre. I kjerkeboka for Lyngen står det slik om henne: "Anne Chatharina Pedersdatter fra Haparanda, 25 år." Ho må altså ha vore fødd i 1813.

Kaisa og Paul flytta snart over til Kåfjord med familien sin, og bodde ei tid i Mandalen. Seinare drog dei til Paul sine slektningar i Trollvika, der dei fikk husmannsplass på Okseneset av familien Molde. Dattera Maria var fødd den 23. juni 1839. I kjerkeboka står ho oppført med namnet Maria Pauline. Ho var bare 10 år då familien flytta fra Lyngseidet, men ho hadde allereie starta i tjeneste. Ho var gjetarjente hos familien Fyhn på Fyhneset. Men som voksen kom ho til foreldra sine på Okseneset, og no fikk ho tjenesteplass i Skardalen. Her møtte ho han Henrik Henriksen, Heik-Heika, og gifta seg med han den 27. oktober 1867. Sjøl blei ho kalt Kaisa-Maria etter mor si. Han Henrik eigde sjøl både gård og grunn, så no blei ho Kaisa-Maria gårdkone. Ho syntes derfor ikkje at foreldra hennes skulle fortsette å bo på ein husmannsplass, så ho henta dei til Skardalen, saman med broren hennes, han Kaisa-Peder, som enno bodde ilag med foreldra. No fikk dei alle ein heim hos henne. Broren heitte eigentlig Johan Peder og var fødd 10. mars i 1852. Han stod



Elen Katrine Birgitte Henriksdatter og Mons Johan Johansen, besteforeldre til Gerd og Eliva. Privat foto

til konfirmasjon i 1871, 19 år gammal. På den tida var det nokså vanlig at ungdommane var ganske voksne før dei blei konfirmerte, for det var sett opp strenge krav om å beherske norsk språk før så kunne skje.

Henrik og Kaisa-Maria fikk 3 barn: Peder, Hans og Elen. Jenta blei alltid kalt for Maria-Elen, endå ho hadde tre fine døpenamn: Elen Katrine Birgitte. Og som etternamn brukte ho alltid Henriksdatter, slik skikken var i den tida. Ho gifta seg med han Mons Johan Johansen, som også hadde slekt ifra grannelandet. Far til Mons Johan heitte Johan Petter Ratama og var kommen fra Palojoenso. Maria-Elen og Mons Johan sin son Ole - Ole Skogmo - gifta seg med Emma Dahl fra Nordstrømmen i Kvænangen, og her er vi framme ved foreldra til vårt trivelige vertskap, ho Gerd og ho Eliva, som altså utgjør 5. slektsledd etter ho Kaisa og han Paul. Ikkje alle kjenner slekta si så langt attover i tida. Men alle slekter har heller ikkje slike dyktige forteljarar som ho Gerd og ho Eliva!

No

Spredte glimt fra

Innledning

I februar i år arrangerte Arbeiderbeleg i Troms et seminar i Kiruna i Svannet "Samene i arbeiderbevegelse Troms" var tema, med undertittel: "utgruppe". Foredragsholder var his Svendsen fra Tromsø.

Oddvar Svendsen skriver i årets årl om problematikken "ressurs eller i

I sitt foredrag kom Svendsen spesi Larsen fra Segelvik i Kvænangen og Finnmark, de to pionerene i beveg

I denne artikkelen har jeg lyst til å Anders Larsen og heftet Om sjøsar utgitt av Tromsø Museum i novem oversatt fra samisk av Just Qvigstac

Anders Larsen

Anders Larsen, som er forfatter av *mene*, er født 2. desember 1870 i S en. Foreldrene var sjøsamere. Larsen Seminar (lærerskole) i årene 1897- som folkeskolelærer i Rafsbotn i Al Repparfjord i Kvalsund kommune Han var i Trondenes (Harstad) mel